



REFERAT FRA	Dialogmøte Trafikkplan Nordhordland				
MØTELEIAR					
REFERENT	Stine Karoline Olsen, Skyss				
MØTEDATO	07.06.2016	TID		MØTESTAD	
REF. DATO		ARKIVSAK		ARKIVNR	
DELTAKARAR	Frå Austrheim kommune - Per Lerøy (ordførar), Anita Soltveit (ungdomskoordinator) og Henrik Nielsen (representant ungdomsrådet) Frå Skyss - Eivind Draugsvoll, Vigdis Bjørgo, Stine Karoline Olsen				
FRÅVÆR					
KOPI TIL					

Dialogmøte om innspel til trafikkplan Nordhordland

Agenda:

- Kort innleiing om bakgrunn og rammer for trafikkplan Nordhordland v/Skyss
- Presentasjon av innspel v/kommunen
- Felles drøfting
- Oppsummering

Innleiing ved Skyss:

Vigdis Bjørgo innleia kort om bakgrunn og rammer for trafikkplan Nordhordland:

- Kollektivstrategi for Hordaland og Handlingsprogram 2016-2019 gir overordna føringar for utvikling av kollektivtilbodet i fylket. Dokumenta ligg på www.skyss.no/rapportar.
- Trafikkplanen Nordhordland skal danne grunnlag for spesifikasjon av rutetilbodet i nytt bussanbod for regionen. Nytt anbod skal lysast ut mars 2017. Trafikkplanen skal leggast fram til politisk handsaming før utlysing.
- Trafikkplanen legg til grunn dagens produksjon som økonomisk ramme for nytt anbod. Endringar i rutetilbodet må difor basere seg på omprioriteringar innanfor dei gitte rammene.
- Skyss vil legge fram framlegg til trafikkplan Nordhordland i regionrådet til hausten.

Innspel frå Austrheim kommune:

Austrheim kommune hadde på førehand sendt inn innspel, som vart gjennomgått og drøfta. Det blei avtalt at Austrheim kommune skal sende over ein revidert versjon der innspela blei prioritert.



Generelt

Austrheim kommune ønskjer å prioritere busstilbod for ungdommen i kommunen.

Skuleskyss

- Kommunen har ikkje planar om endringar i grunnskulestrukturen.
- Kommunen vil arbeide for at Austrheim vidaregåande skule skal bestå.
- Det bør vurderast betre tilrettelegging for bussane som går til Austrheim VGS.

Lokalt busstilbod

- Det er ønskjeleg med kveldsavgangar som korresponderer med slutt-tida på ungdomsklubben, som er eit samarbeid mellom Austrheim og Radøy kommune. Austrheim skal etter dialog med Radøy melde tilbake det konkrete behovet (dagar og tidspunkt og gjerne forslag til trase). Skyss opplyste at det kan vere aktuelt å omfordеле avgangar innanfor dagens produksjon på kveld for å leggje til rette for dette.
- Det er ønskjeleg å få tilbake 10.15 avgangen frå Mastrevik Torg over Lindås til Knarvik som er fjerna. Andre avgangar kan bli redusert for å få til dette.

Tilbod Austrheim-Bergen og Austrheim-Knarvik

- Det er ønskjeleg med eit betre tilbod mellom Austrheim – Knarvik – Bergen, spesielt på kveld. Avgangar som går tidlegare på kvelden kan eventuelt fjernast for å leggje til rette for dette.
- Det er ønskjeleg med seinare avgangar på laurdag kveld. Dette har høgare prioritet for kommunen enn kveldsavgangar for ungdomsklubben.
- Det er ønskjeleg at nattbussen som går frå Bergen kl.00.00 går vidare til Austrheim. Det er ønskjeleg med ein buss over Radøy og ein buss over Lindås.

Båttilbod

- Det er viktig at busstilboden frå Austrheim er lagt til rette slik at passasjerar kan reise med båten til Bergen frå Knarvik.

Utbyggingsplanar i kommunen

- Det er ikkje planlagt nye bustadområde eller næringsområde

Oppdaterte innspel frå Austrheim kommune vil inngå som del av referatet når desse er mottatt av Skyss.